

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur. Tildelingar haust 2020

Forslag til vedtak:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 1 577 000 kroner frå budsjettposten Stønad etter vedtak fordelt slik:

	<i>Søklar</i>	<i>Prosjekt</i>	<i>Tildelt sum</i>
	Produksjon / arrangement / konsert / utstilling ol.		
1	Alwynne Pritchard	I am Dog	20000
2	André Marandon	Havportrett	25000
3	Anette Kierulf	UMWELT - indre og ytre landskap	0
4	Ann-Terese Aasen Produksjoner	RAPTURE	10000
5	Anthony Charles Morton	the New Norman	0
6	Artfolk	artfolk 2020-2021	75000
7	Bal Musette Ans	Som det var min egen mor	15000
8	Bergen Ateliergruppe	EBBE+FLOW utstilling - et Bergen Ateliergruppe prosjekt under BAG Art Camp	30000
9	BILDENDE KUNSTNERES FORENING i Hordaland	MEDLEMSUTSTILLING BKFH-JUBILEUM	70000
10	Bodil Lunde Rørtveit	Turné med konsertforestillinga "RØYST	25000
11	Borghild Rudjord Unneland	Separatutstilling Galleri Salhus, Norsk Trikotasjemuseum	0
12	Brilliance AS	Konsertrekke med Hedda Mae høst 2020	0
13	Brilliance AS	Akustisk turnè med Kakkmadafakka høst 2020	0
14	Brilliance Live AS	Produksjon og utvikling av Jazz-serie og Talkshowserie med Kakkmadafakka høst 2020	0
15	Brynhild Winther	Punktum er ikkje ein harelort...	0

16	Cato Pisani danielson	Utendørs teaterforestilling : Hermann og huldra	0
17	Cecilia X. Zhang AS	Etterlivet	0
18	Color Vision AS	Kolleksjon av shoddy -	0
19	Craig Farr	Nymusikk til distrikta	60000
20	Craig Wells	Klunks "afterglow"	0
21	Den rumenske forening i Bergen	Samkomst i forbindelse med feiring av den rumenske nasjonale dagen	0
22	Det kongelige selskap for Norges vel	Styrking av kulturarven representert ved håndverksbedrifter i Economuseenettverket	0
23	Dominika Minkacz-Sira, Open Window Theatre	Driftstilskudd, Open Window Theatre	0
24	Engeldahl	Kunstutstilling	0
25	Erik Friis Reitan	Teleportation #3	0
26	Eva Pfitzenmaier	puls 58 / The End of Kings - utfremføringer av to verk for kammerkoret GNEIS	0
27	Eventyr i parken	Eventyrvandringer i Vestland fylke	55000
28	Finn Tokvam	Vestland Vestland	0
29	Folkemusikkklubben Columbi Egg	Columbi Egg konsertserie høsten 2020	20000
30	Foreningen Antikk Musikk	Program våren 2021	35000
31	Geir Stian Ulstein	Norske festninger	0
32	Hans Jørgen Brun	Hans Jørgen Brun; menneskene og bildene.	30000
33	Ingrid Askvik	MARIA	35000
34	Ivar Orvedal	Hilddr arbeidsverkstad - Stad 2021	0
35	Jeff Pedersen Produksjoner	JØLSTER HOTEL	50000
36	Johanne Mjøs	Utarbeiding av læreverk i hardingfelespel	0
37	Jonas Flemsæter Hamre	Forskjønnelsen	0
38	Kathrine Bauck-Nordeide Musikk	INDEX	0
39	Kim Christer Hylland	Odda Banker Jula Inn 2020	0
40	Kjetil Høydal	Gula(h)ljød Sostalgia	0
41	Knut Hamre	Slåttar frå Ullensvang, Kvam, Ulvik og Eidfjord	30000
42	Kunstgarasjen	Utstillingsprogram 2020/2021	80000
43	Kunstnarhuset Messen	MESSEN KUNSTPARK - mellom fjell, fjord og draumar -	65000
44	Kunstpilotene, Anette L. Marandon	Dyrearken, KunstCamp sjøreservat	0
45	Lin Wang	Exotic Dreams Tattoo Shop	0
46	Liv Ulvik	Tonesetting av dikt av Kari Bakke til Trio Lærdal	0
47	Louise Öhman	Monument, verk till vestlandsutstillingen 2022	0
48	Made Management AS	Silja Sol, live session fra Storetveit kirke	0
49	Made Management AS	Silja Sol, innspilling av album 2021	0
50	Magnhild Øen Nordahl	Two Rocks Do Not Make a Duck	40000
51	Mathias Marstrander	Søknad om tilskudd til utendørskonsserter for barn i Bergensregionen	0

52	Matias Askvik	Mirakelkommisjonen	35000
53	Merethe Offerdal Tveit	Forlatte hus i Vestland	40000
54	Merethe Offerdal Tveit	Sørsida i Luster - livet og historia	0
55	Miss Tati Tatiana Pereira	Miss Tati: "Numbi" - et bestillingsverk til Bajazz festivalen	0
56	Monika Solheim	Dr.Frankensteins døtre.	0
57	Norsk forfattersentrum	Utvikling av rammeverk for digital formidling av litterære oppdrag	0
58	Norway Fringe Festival AS	Bergen Fringe Festival 2021 - Konseptutvikling	0
59	Notelangs	Notelangs	30000
60	Omar Johnsen	Etchings of coastal sites	0
61	Os Mannskor	Konsert for 3 kor i Os	0
62	Owen Weaver	Accumulations: konsert, utstilling på Lydgalleriet	0
63	Ryfylke Livsgnist AS	Vestlandske Haugespor	0
64	S12 Galleri og verkstad	Lokal AiR	50000
65	Sart kompani for samtidsdans	Miriam	20000
66	Saunders Arkitektur AS	SHARE	0
67	Tonight Music AS	Digital strømmekonsert Vivillain	0
68	Trond Lossius	Sidevei (live film av Trond Lossius, Craig Wells og Jeremy Welsh)	35000
69	Uting Design Ahluwalia	Design Therapy	0
70	Vatle kultur AS	Arbeide med tradisjonelle sjømannssonger (Sjantiar, frivaktsviser/forebitters) - Storm Weather Shanty Choir	0
71	Vedholmen Galleri & Atelier	" Scenes Between "	20000
72	Vegard Urne	Jorda Tek Himlen I Famn	0
73	Venelaget Hans Gjesme	Heimen vår	0
74	Vers Libre AS	Koha music performance live sessions	35000
75	Vigmostad & Bjørle (forlag)	De valgte å slåss - Vestlandshæren i krig 9. april -1. mai 1940	40000
76	Vokalensemblen Tabula Rasa	Bedehus	30000
77	Voss sogelag	"Vossabygdene", utgjeving lokalhistoriske bøker	0
78	Øyvind Hegg-Lunde	Wendra Hill	0
	Festival		
79	Bergen Lights	Bergen Lights21	0
80	Ingrid Saltvik Faanes	Frontlosjefestivalen 2022	50000
81	Lars Mossefinn	Den intellektuelle Countryfestivalen	15000
82	Ose Kammerspel	Ose Kammerspel	15000
83	Piksel produksjoner	QUARANTINE 10	30000
	Kurs / seminar ol.		
84	Piksel produksjoner LTD	Piksel Kidz Lab 2020	25000
85	Memoar	Memoarkonferansen 2020	50000
86	Vossa Jazz	Vossadagane, kulturkonferanse: Musikk satt i system?	60000
87	Harding puls	Seminar om organisasjonsstruktur og leiing	0

	Turné		
88	Fucales musica DS	Fucales: Miniturné Trondheim-Oslo	0
89	MK's Marvellous Medicine	MK's Marvellous Medicine	0
90	Mono studios Morten Norheim	Belt/Haugen/Norheim	45000
91	Michaela Vyskocil Gettwert	All frogs are gay	40000
92	Lyttelos Annabel Balean Guaita	Når Valen danser - musikkforestilling	27000
93	Made Management AS	Silja Sol, På ekte-turné 2020	0
94	Malakoff	Live Laga - der du bur	0
95	Stine Eikefet	Lokalkonserter	0
	Anna		
96	Aud Marit Skarrebo Holmen	kunstkoka "ORD og STED"	65000
97	Alt går bra	Akantusprosjektet	0
98	BRAK	Bergen Songs by Brak	50000
99	Grov productions	"Set Free"	0
100	Iben Bergstrøm	[På´p:øp] shop hos Galleriet	0
	Til saman		1577000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over dei enkelte søknadane og fylkesdirektør si grunningjeving av tilråding.

Samandrag

Denne saka gjeld fordelinga av midlar gjennom tilskotsordninga Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur etter haustfristen 1.september. Vestland fylkeskommune mottok 100 søknader med total søknadssum på omlag 5,7 millionar kroner.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny B Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Generelt:

Budsjett 2020:

4 423 000 kr under budsjettposten Stønad etter vedtak, som skal fordelast mellom denne ordninga og tilsvarande ordning for frivillig kulturliv. Fordeling mellom desse to ordningane er gjort på bakgrunn av inkomne søknadar. Begge ordningane har to fristar i året.

Søknadsfristar 2020:

8. mars og 1. september

Vedtak kriteria:

KULII 21. januar 2020, PS 2/20

Kriteria og informasjon om ordninga:

Nettsida www.vestlandfylke.no/kultur/kunst-og-kulturutvikling/tilskot-til-prosjekt-og-tiltak--profesjonell-kunst-og-kultur/

Vår 2020

Tal på søknadar: 197

Tal på søknadar som er innstilt for tilskot: 39

Samla søknadssum: 15 046 855

Samla løyving for innstilling: 1 510 000

Midlar att til fordeling haust 2020

I overkant av 2 millionar til dei to prosjektilskotsordningane

Haut 2020

Tal på søknadar:

100

Tal på søknadar som er innstilt for tilskot: 41

Samla søknadssum: 5 653 972

Samla løyving for innstilling: 1 577 000

Føremål med ordninga

Ordninga skal stimulere til at Vestland fylke har eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk. Ordninga skal også sikre innbyggjarane i heile fylket tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet.

Ordninga skal styrkje gjennomføringa av eit regionalt kunstløft slik det er skissert i dei regionale planane for kultur og skal svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunst- og kulturliv i fylket. Ordninga skal omfatte kunst- og kulturprosjekt i regi av profesjonelle aktørar i Vestland, eller tiltak og prosjekt som er retta mot/går føre seg i fylket.

Vestland fylkeskommune har spesiell merksemd på barn og ungdom, og vi ønskjer å stimulere til at unge er aktive deltakarar i prosjektet.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Absolutte kriteria

Tiltaket det blir søkt om må oppfylle desse tre absolutte kriteria for å verte tilrådd støtte:

- Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
- Tiltaket skal stette ein eller fleire satsingar i regional plan for kultur.
- Tiltaket skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og/eller verdi.

Det blir ikkje gitt støtte til følgjande

- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale eller kommunale institusjonar

- Innspeling og utgjeving av litteratur, film og musikk. (Unntak kan vere dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.)
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaropphald o.l.

Vurderingskriteria

Søknaden blir vurdert ut i frå følgjande kriterium (i tilfeldig rekkefølge):

- A. Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde
- B. Dokumentasjon av kulturhistorie
- C. Samarbeid og nettverk
- D. At tiltaket eller prosjektet er utadretta og ope
- E. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- F. Tidlegare vist gjennomføringsevne av kulturtiltak / prosjekt
- G. Støtte og forankring i heimkommunar og ev. nasjonalt

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som er oppfylte, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Fylkesdirektøren sine overordna kommentarar

For 2020 ligg det totalt 4 423 000 kr i budsjettposten Stønad etter vedtak. Denne skal fordelast i ordningane for prosjekt og tiltak, til frivillig kulturliv og til profesjonell kunst og kultur - fordelt på to søknadsfristar i året.

Midlane er fordelt mellom dei to ordningane ut frå søknadssum og -tal som låg føre ved fristen, slik som det også vart gjort i vår. Fylkesrådmannen viser elles til sak om innretting og kriteria vedteke i Kulii.

Korleis talet på søknader vert fordelt på fristane er vanskeleg å føreseie generelt, og i tillegg har det jo vore eit spesielt år i 2020 med koronakrisa. Om lag halvparten av budsjettet sum var fordelt ved vårfristen, og no ligg det føre ei tilråding til fordeling av den andre halvparten av midlane.

Som vist i oversikta er det betydeleg færre søknader no ved haustfristen enn i vår, men det er framleis mange fleire som søker og er innanfor kriteria enn det er høve til å tilrå støtte til. Dei som får innvilga stettar i høg grad vurderingskriteria som er sett opp. Meir strukturelle tiltak er prioritert. Det er omlag 40% av søknadane som er tilrådd støtte.

Jf. Innrettinga skal løyvingane i hovudsak ligge mellom 10 000 og 100 000 kroner. Dei fleste søkerane held seg no innanfor denne ramma, og mange søker akkurat 100 000 kroner. Det er få søkerar som er innvilga totalt søknadssum om den er så høg, då dei då evt må ha svært høg regional verdi om dei skal verte prioritert i så stor grad.

Koronakrisa pregar også ein del av søknadane i denne bunka. Vi ser t.d. søknader frå plateselskap, management ol som no søker om tilskot til arrangement som elles ville ha gått rundt ved billettsal.

Ut frå undersøkingar er det dei som står på scena eller jobbar med scenekunst eller musikk som er mest råka av koronakrisa. Vi har forståing for behovet, men ser ikkje at ein i denne tilskotsordninga kan gå ut over dei vedtekte prioriteringar for ordninga.

Når det gjeld koronakrisa har vi hatt ein liberal praksis for å godkjenne utsettingar og justeringar på prosjekt som har fått tilskot. Vi er klar over at det er usikre tider for kunst- og kulturaktørane, og fylkesdirektør går i dialog med dei det gjeld for å finne løysingar som kan ivareta både dei involverte kunstnarane, verksemdene og forvaltningsmessige omsyn.

Alle tilrådde tiltak og prosjekt *skal* ha regional verdi - geografisk og / eller på grunn av funksjon.. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særleg grad av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolutte kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei andre vurderingskriteria vert vist konkret til i kommentarane. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkerar enn der er tilgjengelege midlar. I tillegg blir det teke omsyn til å fordele ut frå

geografi og sjanger i den samla vurderinga. Fylkesrådmannen ser også at det kunne vere trong for at søkjarar i større grad må omtale den regionale kulturverdien dei meiner å ha, og evt. korleis dei skal oppnå dette. Dette vil ein ta med i vidare arbeid med tilskotsordninga for 2021.

Vurderingar og verknader

Regional verdi

Alle dei tilrådde tiltaka skal - i følgje kriteria - ha regional kulturverdi. Dette er eit absolutt kriteria som ligg i botnen for vurderinga ut frå dei andre vurderingskriteria. I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Særleg når det gjeld profesjonell kunst kan dette vere vanskeleg å vurdere heilt skjematisk. Når det gjeld profesjonell kunst og meir spesialiserte tiltak har fylkeskommunen eit ekstra ansvar. Tilskotsmidlane kan gje høve til å prøve ut nye prosjekt og tiltak som kan vere med på å vidareutvikle kulturlivet i fylket, t.d. gjennom pilotprosjekt med overføringsverdi til andre. Dette er ikkje alltid lett å forutsjå. I retningslinene er omgrepet regional verdi forklara slik:

1. Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde): Om tiltaket omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn to kommunar.
2. Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg).

Det er funksjonskriteriet som er mest komplisert å vurdere, særleg i starten på eit prosjekt. Dei fleste av dei tilrådde prosjekta har regional verdi både ut frå funksjonskriteriet og geografisk kriterium.

Dette har ført til at t.d. få forprosjekt har blitt prioritert, og at det også er gitt mange avslag til utviklingsfasen av prosjekt. Meir strukturelle tiltak er også prioritert over utvikling av enkeltstående kunstprosjekt - jf at fylkeskommunen har eit tydeleg ansvar for utvikling og infrastruktur.

Den regionale verdien ser litt annleis ut i eit større fylke, og kan hende setter ein no større krav til den. På den andre sida er det viktig å kunne stimulere mindre, nyskapande prosjekt og tiltak som skjer rundt om i fylket, og slik utviklar kulturliv og samfunn.

Koronasituasjonen og utbetaling av løyvde tilskot

Det er gjort vedtak om at aktørar som får driftsstøtte over VLFK sitt kulturbudsjett 2020 får behalde midlane sjølv om ikkje aktiviteten kunne gå som planlagt og omsøkt. Når det gjeld prosjekttilskot vert tilsegna gitt med føresetnad om at det omsøkte vert gjennomført. Unyttar midlar skal tilbake i søknadsordninga til fordeling ved seinare tildelingar. Men vi hatt ein liberal praksis for å godkjenne utsetjingar og justeringar på prosjekt som har fått prosjekttilskot. Vi er klar over at det er usikre tider for kunst- og kulturaktørane, og fylkesdirektør går i dialog med dei det gjeld for å finne løysingar som kan ivareta både dei involverte kunstnarane, verksemdene og forvaltningsmessige omsyn.

Driftsstøtte og prosjekttilskot

Organisasjonar/institusjonar som tek imot driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune kan søkje støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

Det er mogeleg å søkje midlar til årvisse/jamne tiltak, og der er gjengangarar frå begge dei tidlegare fylka i denne søknadsbunka. Søkjaren må då vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. Ut i frå t.d. tal på søknader og ulike årlege prioriteringar, så tilskot kan då variere frå søknadsrunde til søknadsrunde.

Søknadar om støtte til kunstproduksjon

Det er fleire som søker om støtte til produksjon og produksjonsutvikling. Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgaver og kunst som har verdi for heile fylket eller større delar av det.

Når det gjeld det profesjonelle kunstfeltet vert funksjonskriteriet for regional kulturverdi svært ofte gjeldande i søknadane. Det kan vere vanskeleg å vurdere det enkelte kunstprosjekt sin regionale verdi i forkant. Fylkesrådmannen har prioritert tiltak og prosjekt som har tydeleg, regional verdi, dvs. ofte knytt til geografisk utbreiing i tillegg til funksjon. Dei har då ein plan for utbreiing og formidling. Det er også prioritert prosjekt som involverer fleire kunstnarar, og meir strukturelle tiltak.

Fylkesdirektøren har som hovudregel her ikkje prioritert å tilrå ekstra støtte til tingingsverk til festivalar som får driftsstøtte over budsjett. Dette vert sett på som ein del av det festivalane søker om driftsstøtte for å oppfylle. Elles har fylkesdirektøren også hatt som hovudprinsipp å forholde seg økonomisk til infrastrukturen(her festivalane) og ikkje dei kunstnarane som vert engasjert.

Fylkesdirektør vil sjå nærare på korleis fylkeskommunen skal forholde seg til kunstproduksjonsfeltet, kva ansvar ein har her, og kva reiskap ein evt bør innrette betre for å kome behova betre i møte.

Finansieringsplanar og budsjett

Dei fleste av søkerane har fleire finansieringspartar i sitt budsjett. Det er likevel mange som har lite anna finansiering på plass då dei søkte Vestland fylkeskommune. Det vil si at det er ein usikker økonomi i mange av prosjekta. Men å få positivt svar frå ein instans kan også vere med på å få tilskot og sponsorstøtte frå andre partar.

Når det gjeld kommunal støtte til dei tiltaka som søker her må det merkast at det er få kommunale innvilga tilskot, med unntak av Bergen kommune. Støtte og forankring i heimkommune er eit av vurderingskriteria for denne ordninga. Fylkeskommunal støtte skal forsterke det kommunale engasjementet i tiltak som har regional verdi, ikkje vere ei erstatning for manglande kommunalt kulturansvar.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør tilrår at 1 577 000 kroner vert fordelt slik det er lagt fram i vedtak og vedlegg. Det vert elles vist til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad.

Vedlegg: Oversikt over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving og innstilling